



Kulturarv

Vår referanse 2020/1662-2
 Dato 20.01.2020

RADØY KOMMUNE
 Radøyvegen 1690
 5936 MANGER

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - Løyve til ombygging - Storheim - gnr. 482, bnr.1 - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 17.12.2019 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Saka gjeld ombygging og bygging av landbruksveg på Storheim i Alver kommune. Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmarkt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaka. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av vegen søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmarkt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

David J Aasen Sandved
 Seksjonssjef

Sigrun Wølstad
 Seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Mottakarliste
 RADØY
 KOMMUNE

Radøyvegen 1690 5936 MANGER